

Møtereferat

Dato: 03.02.2015

Emne:	Referat fra møte med Statens vegvesen - 03.02.2015	
Til stades:	Statens vegvesen: Ingvild Kirkevik, Ole Henning Davik, Sigmund Bødal og Sindre Lillebø HFK: Thorbjørn Aarethun, Anne-Kathrine Vabø, Bente Utne og Gunhild Raddum	
Forfall:		Sak: 2014/21450-12
Møtetid:	09-10	Møtestad: Fylkeshuset

Referent: Gunhild Raddum

Bakgrunn for møtet er brev fra Statens vegvesen datert 05.01.15 der det blir anbefalt at Hordaland fylkeskommune retter motsegn mot endringar som er foreslått i Plan 274 – Askøy kommune. Statens vegvesen argumenterer med at endringane vil gje eit dårlegare trafikalt tilbod og vil bli mykje dyrare enn den opphavlege planen. Det er ikkje spesifisert nærare kva dette inneber av ulemper og økonomisk meirkostnad.

Endringane som kommunen legg opp er på Fv. 563 Strømsnes – Hop, og gjeld:

1. Lengre omkjøringsveg for å nå fram til eigendommane 4/1106 og 4/407 (G/B-nummer). I vedtatt plan er tilkomstvegen kortare og lagt meir hensiktsmessig gjennom eksisterande buområde.

På møtet ble ein einig om å gå i dialog med utbyggjar og kommunen for å kome fram til ein god løysing som inneber at planlagt veg byggast, men den kan gjerast midlaritidig. Slik sikrar ein at vegen som er lagt inn i planendringane kan bli ein realitet dersom det på eit seinare tidspunkt vert byggeaktivitet i dette området. Det vil då være aktuelt å stille rekkefølgjekrav om at utbyggjar må påkoste ny tilkomstveg før utbygging.

2. Høg fjellknaus gjer det utfordrande å etablere ny avkjørsel slik endringane legg opp til.

På møtet konkluderte ein med å halde fast med varsel om motsegn på å etablere avkjørsel slik det det blir lagt opp til. Argumenta som talar mot dette er særleg økonomi og trafikksikkerhet. Avkjørsla er lagt til ein sving og vil gi dårleg oversikt.

Det må merkast at arbeidet i området er starta opp, og at endringar vil forseinkje den vidare prosessen. Eit hus er utløyst for å kunne gjennomføre planen. Vidare er det viktig å raskt få på plass gode løysingar for mjuke trafikantar på strekninga. Av omsyn til denne gruppa det er difor uheldig om den pågåande arbeidet blir utsett.

Statens vegvesen vil utarbeide ein oversikt som viser kostnader ved eksisterande plan og kva endringane vil medføre av auka kostnader. Planavdelinga ved HFK kallar inn til dialogmøte mellom kommunen, HFK og Statens vegvesen.

